



## Ordning for enkel kveldsbøn

### **Innleiing:**

Herre, lukk opp våre lepper til å lovprisa deg.  
Og vår munn skal forkynna di ære!

### **Song:**

«Din trofaste kjærlyghet kan aldri svikte,  
din barmhjertighet den kan aldri ta slutt.  
Den er ny hver en morgen, ny hver en morgen,  
stor er din trofasthet, o Gud, stor er din trofasthet»

### **Stille,**

*mens vi inviterer Gud til å vera på truna i våre liv, midt i gleda, midt i ei kvar stressande, vanskeleg og tilsynelatande håplaus omstende og relasjon.*

### **Bøn saman:**

Far, vi kjem til deg når kvelden byrjar for å takke deg for korleis denne dagen har blitt: Takk Far.

For alt vi har sett av deg denne dagen, fordi dette er dagen som du har gjort og vi gler oss og er verkeleg glade på grunn av den: Takk Jesus

For all kontakt med mennesker, ansikt til ansikt, i telefonen, eller ved elektroniske hjelpemiddel. Takk Far.

For oppmuntring, for ny innsikt, for å sjå meir av deg i skaparverket. Takk Heilage ande.

**Lesning:** Frå Salmane

(sjå vedlegg)

**Song:**

Kjære Gud, når eg bed, lat min tanke kvile i fred  
frå alt stress i verda omkring og all uro for daglege ting.  
Lat din kjærleik få trengje seg inn slik at han kan forandre mitt sinn.  
Lat oss alle som trur på ditt ord vera saman i bøn for vår jord.

**Bønetid:** (Høgt eller stille.)

*Vi ber for bygda og velsignar – institusjonar, skular, verksemder,  
aktivitetar og aktuelle saker og hendingar.*

*Vi velsignar bygda ved å be Kalebbøna saman:*

«Du høge himlens konge.  
Sjå i nåde til vårt område!  
Gje nytt liv til di kyrkje!  
Send Den heilage ande for dei villfarne ,  
dei minste og dei nedbrotne si skuld.  
Lat ditt rike koma i vårt land, i Jesu mektige namn!  
Amen,»

Besøk denne staden, Herre, vi bed, og held fienden sine listige  
snarer langt borte frå oss. Må dine heilage englar bu saman med  
oss og holde vakt over oss i fred, og må di velsigning vera over oss  
gjennom Jesus Kristus vår Herre. Amen.

### **Herrens bøn:**

Vår Far i himmelen!

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,  
og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,  
men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt og makta og æra i all æve.

Amen.

Vi gjev no denne kvelden, og dagane som kjem, til deg og stolar på  
at du er i dei, enten talande eller stille, skapande eller kvilande.

Du er vår Gud og konge, vårt festningsverk og vår utfriar.

Lat oss gå fram i glede og fred fordi vi går med hans nærvær.

### **Song:**

Herre Gud, ditt dyre navn og ære

over verden høyt i akt skal være

og alle sjele, de trette træle, alt som har mæle

de skal fortelle din ære.